



Haugen VVA AS
Fabrikkgaten 7 B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6550 - 16/8413

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
23.03.2016

Løyve til omlegging av avkjørsle - gbnr 124/1 Kjeilegavlen

Administrativt vedtak. Saknr: 172/16

Tiltakshavar: Gunn Kvalvågnes
Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad etter plan- og bygningslova, om prosjektering og utføring av arbeid med omlegging av avkjørsle. og dispensasjon frå arealbruken vart gjeve i brev datert 23.03.2015.

Det vert elles vist til søknad motteken 21.03.2016.

Sakshandsamingsfrist

er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Dispensasjon frå arealbruken i kommunedelplanen vart gjeve i brev datert 23.03.2015.

Uttale frå anna styresmakt

Avkjørselsløyve etter veglova er gjeve i brev datert 15.09.2014

Nabovarsling

vart utført i samband med dispensasjonssøknaden

Plassering

Plassering av tiltaket er vist på vedlagt situasjonsplan

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. §

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Privatrettslege tilhøve

Tiltakshavar er ikkje lenger heimelshavar til eigedommen. Ho har vegrett som omfattar avkjørsla, og vil ettersenda dokumentasjon på denne.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak eitt trinn for omlegging av avkjørsle på følgjande vilkår:

1. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
2. Avkjørsla skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 15.09.2014 og dispensasjon godkjent i brev datert 23.03.2015.
3. Dokumentasjon på vegrett på gbnr 124/1 skal sendast inn før arbeidet vert sett i gang.
4. Kommunen si vegavdeling skal kontaktast for graveløyve og arbeidsvarsling før arbeid inntil kommunevegen kan settast i gang.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengelege på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 14/6550**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at bygverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggest ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar på søknad om flytting av eksisterande avkjørsle, gbnr 1241 Kjeilegavlen
Situasjonskart gbnr 124-1
Dispensasjon frå kommunedelplan - gbnr 124/1 Kjeilegavlen - avkjørsle

Kopi til:

Gunn Kvalvågnes
Vegavdelinga

Keilevegen 97 B 5953
Her

FONNES

Mottakarar:
Haugen VVA AS

Fabrikkgaten 7 B 5059

BERGEN